



Arkivnr: 2019/39-7

Saksbehandlar: Ronny Skaar og Bjørg Larsen

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling |        | 18.06.2019 |

### Fordeling av spelemidlar til Lokale kulturygg 2019

#### Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturygg – finansiert med spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunst-lokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

| Generelt:   |   |
|---|---|
| Til fordeling 2019 frå Kulturdepartementet inkl renter og inndregne midlar:                         | Kr 5 010 000,-  |
| Søknadsfrist 2019 frå kommunane:  | 1. mai 2019   |
| Overskot frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS | 10. mai 2019  |
| Vedtak kriteria:  | <a href="https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturygg/">https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturygg/</a>   |
| Kriteria og informasjon om ordninga:  | <a href="https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktartikler/kulturygg/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/">https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktartikler/kulturygg/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/</a> |

| 2019:   |                 |
|---|-----------------|
| Tal på søknadar:  | 24              |
| Tal på søknadar som er tilrådd støtte:                        | 13              |
| Godkjend søknadssum:  | Kr 38 226 000,- |
| Overføring til kulturygg med regionale funksjonar (budsjett): | Kr 1 652 000,-  |
| Tilrådd til fordeling:  | Kr 3 358 000,-  |
| Tal på kommunar som har søkt                                  | 9               |

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til forslag til vedtak:**

**Statlege føringar**

Søknad om støtte til bygging av anlegg fremjast til fylkeskommunen gjennom kommunen der anlegget er planlagt bygd, innan 1. mai. Alle søknader om spelemidlar vert levert fylkeskommunen elektronisk gjennom www.anleggsregisteret.no. Fylkeskommunen går gjennom alle søknader, og gjer ei detaljfordeling av midlane til kommunane.

**Politiske prioriteringar**

I fylkesrådmannen si tilråding til fordeling av tilgjengelege midlar er det teke omsyn til tal godkjende søknader frå den einskilde kommune og tal innbyggjarar i kommunane saman med søknaden sin kvalitet med kva for kulturaktivitetar som finn stad og kommunen sin eigen prioritering. På bakgrunn av at det er små midlar til fordeling er det ikkje mogleg å innvilge støtte til alle dei godkjende tiltaka.

**Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 3 358 000,- over budsjettpost 400.440 til spelemidlar til Lokale kulturygg i 2019:

| KOMMUNE    | PRI | SØKNAD  | EIGAR                               | TILDELING |
|------------|-----|---|-------------------------------------|-----------|
| Bergen     | 1   | Kunstgarasjen, billedkunst                      | Kunstgarasjen                       | 170 000   |
| Bergen     | 2   | Klosteret 17                                    | Klosteret 17                        | 300 000   |
| Bergen     | 3   | III-arena for elektronisk kunst                 | Kulturhuset Østre AS                | 200 000   |
| Bergen     | 4   | Stiftelsen Lystgården                           | Stiftelsen Lystgården               | 200 000   |
| Bergen     | 5   | Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum               | Stiftelsen Museum Vest              | Avslag    |
| Bergen     | 6   | Fyllingsdalen Nye Teater                        | Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater | Avslag    |
| Bergen     | 7   | Forum Kino                                      | Forum Kino Eiendom AS               | Avslag    |
| Bømlo      | 1   | Moster tur- og sogelag - oppgradering av lokale | Moster sogelag                      | Avslag    |
| Bømlo      | 2   | Husflidstovo oppgradering                       | Bømlo husflidslag                   | Avslag    |
| Bømlo      | 3   | Rubbhallen - kulturdel                          | Rubbestadneset idrettslag           | 143 000   |
| Kvam       | 1   | Holmatun Åtaum                                  | Øystese Samfunnshus                 | Avslag    |
| Kvam       | 2   | Ålvik - folkets hus                             | Folkets Hus                         | 203 000   |
| Kvinnherad | 2   | Helgheim ungdomslaghus                          | Uskedal ungdomslag                  | Avslag    |
| Kvinnherad | 1   | Steinparken Rosendal                            | Rosendalstiftinga                   | 500 000   |
| Meland     | 1   | Meieriet  | Meland kommune                      | 250 000   |
| Os         | 1   | Nesjarheim                                      | Søre Neset Ungdomslag               | 241 000   |
| Os         | 2   | Kløvertun Forsamlingslokale                     | Os Sanitetsforening                 | 71 000    |
| Os         | 3   | Os ungdomsskule - Os Aktiv, kulturdel m/scene   | Os kommune                          | Avslag    |
| Osterøy    | 1   | Samlingshuset Kongshall                         | Valestrand Ungdomslag               | 250 000   |
| Samnanger  | 1   | Nordbygda grendahus                             | Nordbygda Ungdomslag                | 500 000   |
| Samnanger  | 2   | Nordborg ungdomshus                             | Nordbygda Ungdomslag                | Avslag    |
| Øygarden   | 1   | Øygarden kulturhus - Rong                       | Øygarden kommune                    | 500 000   |
| Øygarden   | 2   | Alvheim Kulturhus                               | Alvheim Kråkelag                    | Avslag    |
| Øygarden   | 3   | Grendahuset Von                                 | Grendahuset Von                     | Avslag    |
|            |     |   |                                     | 3 358 000 |

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.05.2019**

Viser til vedlegg med alle søknadane.